

Hei

Du er valgt til å representera Kvinnherad på UKM festivalen i Bergen 2016. Festivalen vert arrangert på USF Verftet 15.-17.april.

Det er viktig at du les informasjonen her og svarar innan tysdag 22.03

Hordaland fylkeskommune og UKM Norge vil gjerne understreke at det å bli sendt vidare til UKM-festivalen i Hordaland handlar om å ta del i festivalen, møte og bli kjent med andre, vise seg fram og samhandle. Det dreier seg om mykje meir enn å gjere ein kjapp opptreden i Bergen. UKM skal vektleg-gjast som ei møteplass, i tråd med styret i UKM Norge sine vedtekter.

Dette betyr at de som deltar i UKM må reisa og bu saman som ei gruppe under arrangementet.

Det vert oppmøte i Bergen kl. 18.00 på fredagen. UKM festivalen ordnar med overnatting. Kvinnherad kommune vil komma tilbake til detaljar rundt reisa.

Det skal vera med ein vaksen reiseleiar. Kven det vert er ikkje bestemt ennå, vi kjem tilbake med kven det er.

For å fullføra påmeldinga di ber eg om å du svarar på desse spørsmåla så snart som råd:

- Ynskjer du å delta på festivalen frå 15. – 17. april?
- Er du vegetarianer?
- Har du Cøliki?
- Et du svinekjøtt?
- Er det andre særlige hensyn som skal takast med tanke på mat?
- Har du bevgelseshemminger eller andre spesielle behov som må takast omsyn til?

#### **Informasjon til alle som stiller med sang:**

Vi har tidlegare opplevd under fylkesmønstringa at mange deltarar står aleine med playback og vi hadde ønskje om å styrke deira oppleveling på scena ved å tilby dei eit band å spele med. På nettverksmøtet i oktober kunne vi informere om at vi hadde sendt ut ein anbodskonkurranse til fire profesjonelle musikarar. Vi fekk inn tilbod frå to av desse som vi har vurdert og hatt møter med og konklusjonen vart å inngå avtale med Erik Håkon Halvorsen.

- Ynskjer du å nytta deg av tilbodet med å spela med husband?

Ha ein fin dag!

Beste helsing